



## Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2019



## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Organisasjonskart Flora kommune .....	4
3. Økonomi .....	5
4. Vidare samarbeid og kostnadsfordeling .....	6
5. Kompetanse .....	6
6. Miljøretta helsevern.....	7
6.1 Skular og barnehagar .....	7
6.2 Inneklima .....	8
6.3 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering .....	8
6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu .....	9
6.5 Radon .....	9
6.6 Asylmottak .....	10
6.7 Forureining- og støy. ....	10
6.8 Solarier .....	10
6.9 Kjøletårn etc, legionella .....	11
6.10 Campingplassar .....	11
6.11 Treningscenter/treningsstudio.....	11
7. Smittevern .....	11
7.1 Tuberkulosekontrollprogram.....	12
7.2 Pandemiplan .....	12
8. Folkehelse/samfunnsmedisin.....	12
9. Plan for 2020 .....	14

## 1. Innleiing

Føremålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i rådmannen sin stab i Flora kommune og har kontorplass på Rådhuset i Florø.

Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunane sitt ansvar til innbyggjarane i høve miljøretta helsevern, smittevern og førebyggjande samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.


I 2019 har ni kommunar delteke i det interkommunale samarbeidet.

Flora kommune vil takke for godt samarbeid med alle kommunane.

Florø 15. april 2020

Elisabeth Solheim  
Leiar Folkehelseavdelinga

## 2. Organisasjonskart Flora kommune



Folkehelseavdelinga er organisert i Fag og utvikling i rådmannen sin stab.

### 3. Økonomi

I tabellen viser vi årsresultat for avdelinga i 2019, som viser eit underskot på kr 247000,-. Underskotet vert dekkja av ei bunde driftsfond for å balansere rekneskapet.

Folkehelseavdeling			
Rekneskap 2019			
		<b>Rekneskap 2019</b>	<b>Buds(end) 2019</b>
10101	Fast løn til fast tilsette	2 897	2 512
10901	PENSJONSINNSKOT KLP	335	374
10902	PENSJONSINNSKOT SYKEPLEIERE	74	0
10991	ARBEIDSGJEVARAVGIFT	456	407
11015	ABONNEMENT(AVISER/FAGTIDSKRIFT)	3	0
11160	SERVERING VED MØTER OG UTVAL M.V.	1	0
11180	MATSERVERING VED KURS/OPPLÆRING	2	0
11215	HOTELLOPPHALD(UTANOM KURS/OPPLÆRING)	16	0
11291	VELFERDSTILTAK	3	0
11351	ETABLERING/BRUK AV INTERNETT	1	0
11501	Opplæring, kurs	2	0
11505	KURSAVGIFTER/HOTELLOPPHALD	33	100
11605	REISE, DIETT OG BILGODTGJ. TILSETTE	24	100
11770	REISEUTGIFTER(IKKJE OPPG.PL)	40	0
11965	LISENSER/innkjøp av og oppgradering av dataprogram	2	0
11990	KONTINGENTAR	1	0
12003	EDB-UTSTYR	14	0
14291	Moms generell komp.ordning	7	0
15020	MORARENTER	0	0
15021	PURREGEBYR	1	0
	<b>Sum utgifter</b>	<b>3 910</b>	<b>3 493</b>
16901	INNTEKTER AV FORDELTE UTGIFTER	-577	-600
17102	REFUSJON SJUKEPENGAR	-142	0
17501	REF. FRÅ KOMMUNAR	-2 944	-2 893
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-3 663</b>	<b>-3 493</b>
	<b>Meirforbruk</b>	<b>247</b>	<b>0</b>

#### 4. Vidare samarbeid og kostnadsfordeling

Rådmennene i det interkommunale samarbeidet vart i mai-19 invitert til å diskutere problemstillingar knytt til det framtidige folkehelsesamarbeidet relatert til kommunesamanslåingane. Endring i kommunestørrelse og tal kommunar ville gje utslag på kostnadane for den enkelte kommune frå 2020 og rådmennene vart orientert om kva utslag dette ville gje. Rådmennene har ved fleire høve signalisert ei klar forventning om meir effektiv drift og reduserte kostnader i samband med kommunesamanslåingane.

Folkehelseavdelinga har opparbeid seg brei kompetanse og erfaring sidan oppstart i 2013. Det er laga gode rutiner og system for tilsyn, rettleiing, saksbehandling og oppfølging. På bakgrunn av dette kan avdelinga effektivisere drifta og har difor føreslege ein kostnadsreduksjon på 12 % frå 3.973.000 til 3.500.000. Ulike kostnadsfordelingsmodellar har vore diskutert. Rådmannsgruppa vedtok ein modell med ei totalramme på 3.500.000 med ei 30/70 fordeling der 30 % av kostnadane blir fordelt likt på kommunane og 70 % etter folketal slik tabellen under syner. Folkehelseavdelinga sende òg ut ei saksutgreiing der saka vart belyst og dei ulike forslaga til kostnadsfordelinga vart gjort greie for.

#### Kostnadsfordeling i det interkommunale samarbeidet frå 2020:

Kommune	Folketal per 1.1.19	30% likt fordelt mellom kommunane	70% etter folketal	Totalt
Kinn	17822	150000	721098	<b>871098</b>
1416 Høyanger	4091	150000	165526	<b>315526</b>
1428 Askvoll	3038	150000	122921	<b>272921</b>
1429 Fjaler	2770	150000	112077	<b>262077</b>
Sunnfjord	21959	150000	888485	<b>1038485</b>
1438 Bremanger	3705	150000	149908	<b>299908</b>
1449 Stryn	7167	150000	289985	<b>439985</b>
<b>Totalt</b>	<b>60552</b>	<b>1050000</b>	<b>2450000</b>	<b>3500000</b>

Flora og Vågsøy kommunar er frå 2020 Kinn kommune. Kinn kommune vil difor stå som ansvarleg vertskommune for kommunane som er tilknytt Folkehelseavdelinga. Desse endringane, samt endringa i kostnadsfordelingsmodellen, gjer at det er laga ei ny samarbeidsavtale som kommunane er bedne om å signere og returnere til vertskommunen.

#### 5. Kompetanse

Folkehelseavdelinga har i 2019 hatt 3,4 årsverk fordelt på 5 personar..

Avdelinga har brei samansett kompetanse. To sjukepleiarar, ein med vidareutdanning som helsesøster, ein er intensivsjukepleiar og har ein mastergrad i sjukepleievitskap. Avdelinga har ein bioingeniør, og her er rettleiingskompetanse.

Avdelinga har to legar begge med kompetanse i allmennmedisin. Ein er spesialist i samfunnsmedisin og den andre fullfører si utdanning i samfunnsmedisin i 2020. Tre tilsette arbeider i andre kommunale stillingar innan smittevern, folkehelse og som kommuneoverlege. Dette berikar vårt fagmiljø. Vi ser at samansettinga i avdelinga dekker det nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

Frå 1.1.2020 er det bemanninga i avdelinga redusert til 2,7 årsverk.

## **6. Miljøretta helsevern**

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar.

Arbeidet til Folkehelseavdelinga omfattar tilsyn med faktorar i miljøet som kan ha innverknad på helse. Dette gjeld både private og offentlege verksemder og omfattar støy, inneklima, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging av ulukker og skader.

Folkehelseavdelinga er eit forvaltningsorgan som har fått delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har behandla fleire kommunedelplanar og reguleringsplanar enn tidlegare år. Avdelinga har òg delteke i møter kor plansaker vert diskutert og behandla. Det er likevel slik at enkelte kommunar nyttar seg meir av vår kompetanse på området enn andre. På våre årlege møter med kommuneleiinga har avdelinga informert konkret om korleis dette samarbeidet kan føregå. Dette har òg vore tema på rådmannsmøta. Vi har utfordra kommunane om å invitere oss inn til faste møter for å bli tidleg orientert og såleis involvert i saksbehandling i planoppstartsfasen. Vi har òg gjeve uttale på høyringar. Vi har gjeve uttale i plansaker i Askvoll, Vågsøy, Høyanger, Førde, Stryn og Flora kommune.

### **6.1 Skular og barnehagar**

Alle skular og barnehagar hadde tilsyn etter føreskrift om miljøretta helsevern i perioden frå 2013-2015, med oppfølging i 2016 og 2017. Dei fleste einingane fekk godkjenning etter første tilsynsrunde. Andre tilsynsrunde starta i 2018. I 2019 har avdelinga hatt tilsyn i Høyanger, Gaular, Stryn og Førde kommune. I førekant av tilsynsrunden inviterte vi kommunane til sjølv å komme med innspel på område ein ynskta fokus på. Målet var å følgje opp dette temaet i tilsynsmøta og i fagmøter i etterkant.

Avdelinga ynskjer å halde fram med å følgje opp arbeidet med forbetningsarbeid ute i kommunane. Det har òg vore tydeleggjort for skule- og barnehageleiinga i møter i førekant av tilsyna at avdelinga vil stille strengare krav til tilbakemelding og fristar enn ved førre tilsynsrunde. Dei kommunane som står att for andre tilsynsrunde er Kinn kommune og einingane i gamle Naustdal og Jølster kommune.

Etter gjennomført tilsyn og godkjenningsrunde av skular og barnehagar arrangerer vi fagmøter. Kommunane får òg tilsendt tilstandsrapport. Rapporten er ei fagleg vurdering av uteområdet og bygga si fysiske utforming/inneklima utifrå krav i føreskrift om miljøretta helsevern. Rapporten er tenkt som ei hjelp til administrasjon og politikarar i høve prioriteringar av nødvendig større vedlikehald og rehabilitering, evt nybygg.

Samarbeidet med skular og barnehager har fungert godt og vi opplev å verte tekne godt imot ute i kommunane. Fleire skule- og barnehageleiarar tek kontakt per telefon eller e-post for å be om faglege råd og rettleiing i førekant og etterkant av godkjenningsrunden og når nye problemstillingar kjem opp. Skular og barnehagar tek i større grad kontakt med oss når ein planlegg rehabilitering eller ombygging/nybygg enn tidlegare. Folkehelseavdelinga skal involverast i slikt planarbeid og gje uttale og godkjenning i høve dette.

Folkehelseavdelinga hadde i mai tilsyn av Fylkesmannen i Vestland/Helsetilsynet. Føremålet med tilsynet var å medverke til at kommunen oppfyller plikta til å føre tilsyn med at inne og utemiljø i barnehagar og skular fremjar helsa og førebyggjer sjukdom og skade hos barn i barnehagar og skular. Dette tilsynet var knytt opp til vårt tilsynsarbeid med Førde kommune. Helsetilsynet såg på våre system og måten vi jobbar på; internkontrollsystem inkl. ROS- arbeid, rutiner, avtalar og korleis vi arbeider med tilsyna både i førekant, sjølve tilsyna og oppfølginga i etterkant. Sjølv om det konkrete tilsynet var kopla til Førde kommune, var det Folkehelseavdelinga sitt arbeid det vart sett søkelys på- Spesielt vart internkontrollrutinene våre og oppfølginga av desse kontrollert.

Konklusjonen frå helsetilsynet var at det ikkje vart avdekka lovbrøt. I oppsummeringsmøte i etterkant av tilsynet fekk Folkehelseavdelinga skryt av systema og måten vi jobba ut i mot kommunane på. I tilbakemeldingane til Fylkesmannen framsnakka vi våre samarbeidspartar ute i kommunane. Det gode samarbeidet med rektorar, styrarar, vernombod, reinhaldsleiarar, vaktmeistrar og tilsette forøvrig er avgjerande for å kunne lukkast med arbeidet.

## **6.2 Inneklima**

Avdelinga gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knytt til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold og materialbruk. Vi har tilsyn med røykebestemmelsar i bygg og serveringsstader som er offentleg tilgjengeleg. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar.

Avdelinga har fått henvendelsar frå fleire kommunar vedrørande inneklima og arbeid med fleire konkrete saker .

## **6.3 Hud og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering**

Kartlegging og oppfølging av verksemder som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier er eit kontinuerleg arbeid.

Folkehelseavdelinga gjorde eit større arbeid på dette i 2014 og 2016.

Folkehelseavdelinga har såleis ivareteke kommunane sitt ansvar i høve å informere og skaffe oversikt over aktuelle verksemder som er omfatta av føreskrifta.



Den informasjons- og oppsporingsrunden vi hadde tidlegare har bidrege til at fleire er klar over melde- og godkjenningsplikta. Vi ser òg at denne informasjonen spreier seg til nye etablerarar, og at dei tek kontakt med avdelinga på eige initiativ. Det er likevel ei utfordring å gjere krava kjent for verksemdene, spesielt dei som tilbyr tatovering. Vi har følgd opp ei tatoveringsverksemd i 2019, men det er truleg fleire vi ikkje kjenner til som skulle hatt tilsyn og godkjenning.

#### **6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu**

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i Folkehelselova / LOV 2011-06-24 nr.29 og i Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v / FOR 1996-06-13nr.592.

Dette gjeld verksemdar eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad.

Folkehelseinstituttet gjennomførte i 2019 ei kartlegging i alle kommunar om badevasskvaliteten i friluftsbad, badeplassar/-strender. Vi følgte opp dette med å kontakte kommunane for å sikre at henvendelsen kom til rett adressat og medverke til at det vart respondert frå kommunen. Det viste seg at kommunane handterte kartleggingsutfordringa ulikt.

Dei fleste kommunane hadde ikkje noko rutine for å kartlegge badevatn og såg ikkje at dette var noko utfordring pga. god vassutskifting på dei aktuelle badeplassane sine. Dei som ikkje hadde rutine vart oppfordra til å gjennomføre ei kartlegging med ROS-analyse for å sikre at eventuell risiko vart kartlagt og følgje opp med prøvetakingsrutine om det vart vurdert trong for det.

#### **6.5 Radon**

Avdelinga har bidrege med informasjon og rettleiing i høve handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar.

Avdelinga har følgd opp arbeidet med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon. Radonførekomsten er generelt liten i vårt område, men nokre kommunar og områder har utfordringar der avbøtande tiltak må setjast i verk.

Avdelinga har hatt avtale med Radonlab for levering av sporfilm for radonmåling til innbyggjarane i dei samarbeidande kommune. Avtalen inneber at kvar kommune årleg kan få tilsendt resultat av målingane. Dette er knytt til gards- og bruksnummer og vil såleis gje ei oversikt over dei geografiske radonutfordringane i kommunen. Alle 13 kommunane, som har vore og dei som er i samarbeid med Folkehelseavdelinga har kunne nytte seg av avtalen. Tilbodet gjeld alle, både private verksemdar, private husstandar og kommunen. Kommunar og burettslag med større volum (over 10 sporfilmar) har fått noko betre prisar enn enkelthustandar. Avtalen gjekk ut per 31.12.2019 og vil no bli lyst ut på nytt.

## 6.6 Asylmottak

Asylmottak er meldepliktige verksemder etter føreskrift om miljøretta helsevern. Vi har ikkje lenger asylmottak i våre samarbeidskommunar.

## 6.7 Forureining- og støy.

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørande bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm. Støysaker er ofte saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konflikhtar mellom ulike interessegrupper, og gjerne med store konsekvensar og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskildpartar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling og er heimla som eit lovkrav.

Kommunane nyttar i større grad vår kompetanse i plansaker der mogleg støyforureining har vore vurdert. Avdelinga har behandla fleire slike saker i 2019. Henvendelsar kjem oftast frå innbyggjarar som klagar på støy og problemstillingane er oftast knytt til bustader som ligg nær næringsverksemd, hamner og industri.

### Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Vi kan føre tilsyn med verksemder og gjev råd og rettleiing knytt til helserisikovurdering i høve:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag.
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv. Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdiar, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehald i tettbygde strøk
- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrenginngrep på forureina grunn i henhold til Forurensingsforskrifta kapittel 2.

I 2019 har Folkehelseavdelinga behandla saker som omhandlar skadedyr (rotter) og dyrehald i tettbygde strøk. Kommunar har fått informasjon og rettleiing i saker som omhandlar forsøpling i og rundt private hus.

## 6.8 Solarier

Solarieverksemder er meldepliktige og Folkehelseavdelinga har tidlegare kartlagt solsenter og verksemder som tilbyr solarium i alle 13 kommunane. Avdelinga har

såleis ivareteke kommunane sitt ansvar i høve å informere og skaffe oversikt over aktuelle verksemder som er omfatta av føreskrifta.

Folkehelseavdelinga sørgjer for å vidareformidle informasjon frå Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (tidlegare Statens strålevern), og fyl opp tilsynskampanjar som vert initiert av desse.

Strengare krav til adgangskontroll og høge kostnader knytt til dette har ført til at fleire solarieverksemder har lagt ned. Solarieverksemder som fortsatt er i drift har gode rutinar og driv helsemessig forsvarleg.

Avdelinga har ikkje gjort tilsyn ved denne typen verksemder i 2019.

## **6.9 Kjøletårn etc, legionella**

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemder i vårt område. Dette gjeld verksemder som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "*Forskrift om miljørettet helsevern*" og "*Forebygging av legionellasmitte- en veiledning, 2012*". Det er gjort ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og fulgt opp med informasjon om meldeplikt og krav om sertifisering hos eit akkreditert tilsynsorgan.

## **6.10 Campingplassar**

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemder som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har tidlegare kartlagt 140 verksemder i alle 13 kommunane. Det er ikkje kome inn meldingar og er arbeidd på dette området i 2019.

## **6.11 Treningscenter/treningsstudio**

Treningscenter har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Folkehelseavdelinga har i 2019 kartlagt 11 verksemder som tilbyr slike tenester Alle har fått tilsendt informasjon om krav i føreskrift og svar om motteken melding. Etter ei risikovurdering vil det bli gjort tilsyn på enkelte einingar.

## **7. Smittevern**

Smittevern har vore ein vesentleg del av arbeidet i avdelinga i 2019. Vi får mange spørsmål og henvendelsar om smittevern generelt og informasjons-/retteleiing på området er ein viktig del av vårt arbeid. I tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar har dette alltid hatt – og har framleis stort fokus.

Det kjem og henvendelsar frå innbyggjarar i kommunane.

Mal for kommunal smittevernplan er oppdatert i 2019. Malen er å finne på avdelinga si nye heimeside. Denne er tilpassa å kunne leggast inn som deldokument til kommunane sine samla beredskapsplanar.

Kommunane er komne ulikt langt i oppdatering av sitt samla beredskapsplanverk. Det er viktig at smittevernplanen i den enkelte kommune vert integrert i samla planverk.

## **7.1 Tuberkulosekontrollprogram**

Nasjonalt er det i løpet av 2019 berre gjort mindre endringar i anbefalt tuberkuloseprogram for kommunane.

Tilstrøyminga av flyktningar har vore begrensa og der er gjort lite nye nasjonale risikovurderingar.

*Mal for tuberkulosekontroll* er oppdatert med dei nasjonale endringane som er gjort. *Mal for tuberkulosekontroll*, retningslinjer og linkar til sentrale nasjonale prosedyrer ligg på Folkehelseavdelinga sine heimesider.

Tuberkulosekontrollprogrammet blir gjennomgått i møta med den einskilde kommune.

## **7.2 Pandemiplan**

Helsedirektoratet kom med utkast til nasjonal mal for pandemiplan i 2019. Det vert arbeidd med ein felles mal for pandemiplan lokalt, denne vert lagt på vår heimeside.

## **8. Folkehelse/samfunnsmedisin**

Folkehelseavdelinga skal hjelpe kommunane med arbeid på områder som kommunane prioriterer for felles satsing innan folkehelse/samfunnsmedisinsk rådgeving. Det kan innebere hjelp til å sette felles utfordringar på dagsorden og hjelpe kommunane med tiltak knytt til dette. Det kan t.d. skje ved informasjon/kurs om typiske folkehelseiltak. Hjelp til arbeid med helseoversikt og påverknadsfaktorar er eit anna viktig satsingsområde. Arbeidet må knytast opp til kommunane sine overordna planer og prosedyrar

Folkehelseavdelinga ynskjer å auke kunnskapen i kommunane om fagfeltet og vårt arbeid og har tidlegare år prioritert orienteringsrundar med leiinga i alle kommunane. Kommunane har i 2019 hatt stort fokus på kommunereform og samanslåing, vi valte difor å tone ned dette arbeidet. Vi gjennomførte likevel informasjonsmøter i nokre kommunar og vil prioritere dette i 2020.

Felles rådmannsmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det vart gjennomført to slike møter i 2019. Hovudfokuset i desse møta var diskusjon om ny kostnadsfordelingsmodell frå 2020.

Folkehelseavdelinga ved prosjektansvarleg har leia arbeidet med å utvikle ein mal for folkehelseoversiktdokumentet som kan nyttast i alle kommunane. Malen vart ferdigstilt i 2015 og avdelinga har revidert dokumentet i 2017 og 2018. Nokre kommunar har fått gjort tilgjengeleg sine folkehelseoversiktar på nettsida. Oppdatering av lenkene i felles mal fører til automatisk oppdatering av dei same lenkene i dei kommunespesifikke dokumenta. I tillegg til at det er arbeidsbesparande for kommunane sikrar ein oppdaterte indikatorar. Malen for dokumentet er tilgjengeleg på nettsida [www.folkehelseoversikt.no](http://www.folkehelseoversikt.no).

Kommunane ynskjer at Folkehelseavdelinga fortsatt skal leie arbeidet med folkehelseoversiktsdokumentet. Føreskrifta krev at oversiktsdokumentet skal oppdaterast årleg og gjennomgå ein større revisjon kvart fjerde år. Kommunane har vore invitert for å diskutere korleis dette arbeidet kan takast vidare. Det har vore noko mindre deltaking på nettverkssamlingane siste åra og vi har måtte avlyse møter. I 2019 hadde vi to fellessamlingar. Det er kome forslag om å arrangere ein workshop der ei tverrfagleg gruppe frå dei ulike kommunane møtes for å gjere ei ny vurdering av kva indikatorar som skal med i fellesmalen. Folkehelseavdelinga har òg tilbydt seg å komme ut i den enkelte kommune og hjelpe til med dette arbeidet- og bidra med innspel på korleis det kan koplast til arbeidet med planstrategi og samfunnsplan. Å få dokumentet implementert i kommunane sine styringssystem; planstrategi og samfunnsplan, årsplan og budsjett er viktig for den strategiske folkehelseplanlegginga.

I tillegg til arbeidet med å utvikle ein felles mal for folkehelseoversikten har Folkehelseavdelinga arbeidd for betre og enklare tilrettelegging av folkehelsedata. Erfaringane frå arbeidet med folkehelseoversiktsdokumentet synte at kommunane har behov for å få samla analyserte og vurderte folkehelsedata ein stad. Dette vil lette arbeidet med oppdatering av folkehelseoversiktsdokumentet, samt kvalitetssikre data som skal nyttast i folkehelsearbeidet.

Samhandlingsbarometeret, som i dag presenterer ein rekke indikatorar på folkehelse på: <https://statistikk.samhandlingsbarometeret.no>, har synt stor interesse for å tilrettelegge for kommunane sine behov. Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland, Høgskulen på Vestlandet og Fylkesmannen har òg sett behovet for å få presentert meir kvalitetssikra data på ein stad og er kopla på arbeidet.

Arbeidet med å finne løysingar pågår, men vi er ikkje i mål. Arbeidet har teke lang tid og grunna samanslåing av Fylkesmannembeta og fylkessamanslåinga har framdrifta vore låg i 2019.

Våre erfaringar så langt er at arbeidet med både helseoversiktsdokumentet og folkehelsedata er omfattande og tek tid. Nokre kommunar har utfordringar med å få gode, tverrfaglege prosessar på både oversiktsarbeidet og det vidare arbeidet med folkehelse i plan. Vår intensjon er at det strategiske folkehelsearbeidet skal bli lettare, betre og meir kvalitetssikra. Det er eit mål at vi får rigga eit godt system for å hente kvalitetssikra folkehelsedata. Dette trur vi vil lette arbeidet med å revidere helseoversiktsdokumentet. Meir systematikk rundt dette arbeidet vil truleg òg bidra til at helseoversiktsdokumentet vert meir brukt i det strategiske folkehelsearbeidet i kommunane. Vi ser òg at det er behov for at nokon "har tråden" i arbeidet, då det er krevjande for den enkelte kommune å gjere arbeidet aleine. Vårt mål er at det i framtida vert laga gode system på folkehelsedata slik at det strategiske folkehelsearbeidet lokalt kan verte styrka.

Folkehelseavdelinga har fått ny nettside; <http://folkehelseavdelinga.no/>

## 9. Plan for 2020

- Ny tilsynsrunde på skular og barnehagar i gamle Naustdal og Jølster kommune samt Kinn kommune
- Gjennomføre tilsyn på treningssenter
- Gjennomføre fag-/temadagar i kommunane- oppfølging av tilsyna
- Ajourføre alle avvik på skule og barnehagar
- Hjelp med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar. Fortsette samarbeidet om å få samla kunnskapsbaserte og vurderte folkehelsedata
- Revidere malen for folkehelseoversiktsdokumentet og tilby vidare hjelp til kommunane med dette arbeidet.
- Vidareutvikle den nettbaserte sida [www.folkehelseoversikt.no](http://www.folkehelseoversikt.no)
- Oppfølging av det overordna smittevernarbeidet i kommunane
- Ferdigstille mal for pandemiplan.
- Tilby undervisning og rettleiing om smitteverntiltak i samband med koronautbrotet, spesielt mot skular og barnehagar.